

Prosjektplan for temaplan naturmangfald

1. Innleiing

Bakgrunnen for planen er Stortingsmeldinga *Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold, Meld. St. 14 (2015-2016)*.

«Regjeringen ønsker å legge til rette for at kommunene kan øke sin kompetanse om naturmangfold. Regjeringen foreslår at dette skal skje gjennom kunnskapsgrunnlag og økt veiledning, og gjennom et pilotprosjekt om kommunedelplaner for naturmangfold.»

Folketalsveksten i Ulstein har vore stor i mange år. Auke i folketalet fører til nedbygging av dyrka og dyrkbare areal og omdisponering av naturområde til bustad, næringsbygg og/eller naudsynt infrastruktur. Auka folketal betyr auka ferdsel i naturen. Auka ferdsel fører til slitasje i vegetasjonen og uro for dyreliv i sårbare periodar i livssyklusen. Det er også dokumentert at Møre og Romsdal har meir klimagassutslepp per innbyggjar enn landsgjennomsnittet. Høgt klimagassutslepp fører til endringar i naturen, både på land og i havet. Auke i temperatur og nedbør vil føre til endringar i naturen, både på land og i havet. Fokus på kompetanse innan naturforvaltning, berekraftig bruk av areala og naturressursar, og reduksjon i utslepp av klimagassar, er hovudpunkt for utarbeiding av strategiar for framtidig utvikling og bevaring av naturmangfaldet.

På nyåret 2022 vart alle kommunar gitt høve til å søke om midlar frå Miljødirektoratet for å utarbeide ein plan for naturmangfald. Ulstein kommune søkte og fekk tilslag på søknaden. Totalt 20 kommunar fekk tilskot og kvar kommune får 150.000 kr.

Denne prosjektplanen skal angi den vidare planprosessen for arbeidet med plan for naturmangfald i Ulstein.

1.1. Hovudmål med planarbeidet

Føremålet med planarbeidet er å

- styrke natur- og artsmangfaldet og ta vare på naturen i Ulstein gjennom berekraftig forvaltning og god arealforvaltning
- bærekraftig forvaltning og god arealforvaltning.
- Samle kunnskapen vi har om naturmangfaldet på ein stad og sjå kvar vi treng meir kunnskap
- Sette naturmangfald på dagsordenen i administrasjonen, blant politikarar og innbyggjarar
- Gje føringar for kommuneplanens samfunns- og arealdel og anna planarbeid

Plan for naturmangfold ønskjer å svare på korleis vi kan sikre ei forsvarleg forvaltning av naturen i Ulstein kommune og gjere dei rette prioriteringane.

Gode val og prioriteringar føreset at god, tilstrekkeleg og tverrfagleg kunnskap er tilgjengeleg for avgjerdstakarar og allmennheita, og at kunnskapen vert brukt. Det er naturforvaltninga sitt ansvar å medverke til å sikre at naudsynt kunnskap ligg føre, og at prioriteringar for kunnskapsinnhentinga er basert på ein tverrfagleg analyse av kvar kunnskapsbehovet er størst.

Kunnskap om mangfaldet av natur, kvar det er, korleis det utviklar seg over tid og korleis vi skal klare å ta vare på det for framtida. Slik kunnskap får vi frå kartlegging, overvaking og forskning.

Vi må ha kunnskap om korleis tilstanden i naturen utviklar seg over tid, og årsaker og konsekvensar av endringar. Dette er naudsynt for å kunne setje i verk gode tiltak for å betre tilstanden for naturen.

Mål, strategiar og tiltak må forankrast frå kommunens øvste planverk og deretter breie seg vidare ut i planverket og fram til sakshandsaming, vedtak og til avsetting av økonomiske midlar.

1.2. Plantype

Som synt i innleiinga ønskjer regjeringa at planen skal utarbeidast som ein kommunedelplan. Årsaka er at ein då må fylgje dei lovpålagde prosessane som er styrte av plan- og bygningslova. Der er også krav knytt til medverknad og politisk vedtak.

Ulstein kommune ønskjer å ha få, men større planar. Etter § 11-2 i pbl skal kommunedelplanar ha ein handlingsdel som skal rullerast årleg og den bør knytast opp mot økonomiplanen for økonomisk prioritering. Om kommunen har fleire planar der det er krav om årleg rullering vil dette ta mykje tid og kapasitet som vi ikkje har tilgjengeleg pr. i dag. Miljødirektoratet har opna for at planen kan utarbeidast som ein temaplan dersom det vert sørgja for medverknad og politisk vedtak.

Planen vert difor utarbeidd som ein temaplan, men med stort fokus på medverknad, politisk forankring og den vil legge føringar for kommuneplanens samfunnsdel og arealdel og anna relevant planarbeid.

1.3. Planområdet

Planområdet omfattar heile Ulstein kommune, både på land og i sjø.

2. Føringar og retningslinjer

2.1. Nasjonale føringar og retningslinjer

- FNs berekraftsmål
- Lov om naturmangfald
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023
- Plan- og bygningsloven
- Meld. St. 14 (2015-2016) Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold

2.2. Regionale føringar og retningslinjer

- Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal 2021–2024
- Regional vassforvaltningsplan 2022-2027
-

2.3. Kommunale føringar og retningslinjer

- Planstrategien
- Kommuneplanens samfunnsdel og arealdel
-

3. Beskriving av planprosessen

3.1. Sentrale tema og problemstillingar

I tabellen nedanfor skisserast nokon tema vi meiner er viktige å belyse vidare i planarbeidet.

Kunnskapsgrunnlag	For å kunne bevare natur, må vi vite kva slags natur vi har. Mykje er kartlagt i Ulstein og finst registrert i Naturbase og Artsdatabanken. Kvar er det kunnskapshull? Korleis sikre at vi har god nok informasjon for å prioritere kva areal som må bevarast og kva som skal brukast til andre føremål? Korleis oppdatere med nyaste kunnskap i kart og databaser?
-------------------	---

Restaurering av skadd natur	Det er i <i>Meld. St. 14 Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold</i> satt et mål om å restaurere 15 % av skadd natur. Restaurering av leveområde for artar kan vere ein viktig del av arbeidet med å bevare og auke artsmangfaldet i kommunen. Skal vi restaurere natur og korleis skal den eventuelt skjøttast?
Arealnøytralitet	Skal vi hindre tap av naturmangfold må Noreg bli arealnøytralt. Det betyr at vi må gjenbruka og fortette allereie utbygd areal framfor å bygge ut meir natur, og stanse arealforbruket. Skal Ulstein bli arealnøytrale? Korleis kan vi fortette og gjenbruka areala våre?
Hindre spreiding av framandartar	I rapporten frå 2008 står det mellom anna at «samla sett står Ulstein kommune overfor store utfordringar i åra som kjem med tanke på å utrydde dei verste problemartane. Ei kartlegging av omfang på problema og ein handlingsdel er difor sterkt ønskeleg innanfor ei 3-års periode.» Så vidt vi kjenner til har det ikkje skjedd noko på dette punktet sidan rapporten kom. Enkeltvise observasjonar sommaren 2021 synte at t.d. parkslirekne er godt utbreitt i sentrum. Driftsavdelinga ved teknisk etat må få kunnskap om korleis handtere desse framandartane som ligg på kommunale eigedomar og innbyggjarane må få informasjon om korleis handtere dei som ligg på privat grunn.
Klimatilpassing	Korleis vil klimaendringane påverke naturen i Ulstein framover og kva kan vi gjere for å tilpasse oss?
Skjøtsel	Dei siste 100 åra har landbruket endra seg, og mange typar kulturlandskap står i fare for å forsvinne. Korleis skjøttar vi kulturlandskapet vår?
Viltforvaltning	Vilt var ikkje ein del av registreringa som vart gjort i 2008.
Vassforvaltning	Kommunane har ei særleg viktig rolle i vassforvaltningsarbeidet. Til dømes gjennom arealplanlegginga kan kommune sette restriksjonar på arealbruken for å ivareta naturmiljøet i og langs vassdrag, innsjøar, fjordar og sjøområde.

3.2. Organisering av planarbeidet

- Arbeidsgruppe
 - Innleigd konsulent for prosjektleiing
 - Planleggar
 - Miljørådgjevar
 - GIS-rådgjevar

- Styringsgruppe
 - Formannskapet

- Referansegruppe
 - Landbrukssjefen
 - Driftsavdelinga - Ulstein kommune
 - Ornitolog
 - Biolog

- Statsforvaltaren
- Fylkeskommunen i Møre og Romsdal
- Søre Sunnmøre Reinhaldsverk (SSR)

3.3. Opplegg for medverknad

Planprosessen skal følgje dei ordinære prosessane i plan- og bygningslova og krava som er stilt der knytt til medverknad. Det vert varsla oppstart av planen med annonse i avisa og på kommunen si heimeside, og det vert då høve til å kome med innspel til planen. Når det ligg føre eit planframlegg vert dette sendt på høyring og offentleg ettersyn, der det også vert høve til å kome med innspel. Når planframlegget er klart skal det haldast eit folkemøte der planframlegget vert presentert og kan diskuterast. Ved varsel om oppstart og i høyringsperioden skal saka sendast til kommunen sine politiske utval; teknisk utval, fellesrådet, levekårsutvalet og ungdomsrådet for høyringsuttale. Referansegruppa vert kopla på gjennom arbeidet.

Lokale organisasjonar og lag som får tilsendt varsel om oppstart og planframlegget er:

- Sunnmøre friluftsråd
- Ulstein og Hareid jeger og fiskarforeining
- Skular og barnehagar
- Runde miljøsentar
- Vestre Sunnmøre Bondelag
- Søre Sunnmøre Fiskarlag
- Grunneigarlag
- Hagelaget

3.4. Framdrift

Aktivitet	Medverknad	Tid
Politisk sak oppstart		18. oktober 2022
Varsel om oppstart	Ja, utsending, annonse i avisa/nettsida	Oktober-desember 2022
Utarbeiding av plan		Desember 2022-mai 2023
Politisk handsaming planframlegg		Mai 2023
Folkemøte/gruppemøter	Ja, ope for alle/spesielt inviterte	Mai 2023
Offentleg ettersyn planframlegg	Ja, utsending, annonse i avisa/nettsida	Mai-Juli 2023
Bearbeiding av planframlegg etter innkomne innspel		August-Oktober 2023
Politisk slutthandsaming/Vedtak plan		November 2023